

# Årsmelding for Jostedal spel- og dansarlag for året 2008

Styret har vore samansett slik:

Oddbjørg Ese, leiar

Eldbjørg Haugen, nestleiar

Helene Bolstad, kasserar

Mona Åsen, styremedlem

Tormod Øvrebø, skrivar

Tordis Vigdal og Liv Anny Kjærvik, varamedlemar til styret

Valnemnd: Einar Ese, Venke Lill Sagerøy og Solveig Sperle

Revisor: Gunnar Ruud og Haldor Sperle (vara)

Det har vore halde 8 styremøte i året som har gått.

Laget har no 83 medlemmar, ein auke på om lag 30%!

Det har vore eit særst aktivt år for laget med mange arrangement og mange aktive medlemmar.

## **Aktivitetar**

- **Opplæring/kurs:**

Faste øvingar:

Laget har sju juniorar som får opplæring i fele/toradar i kulturskulen. I tillegg har Else Marie undervisning av rekruttar på fele.

Det har dette året vore faste øvingar i spelemannslaget.

Rupeungane har faste øvingar kvar veke.

Bygdedissen går fast annakvar tysdag med Morten som instruktør. Einar Ese er fast spelemann. Mathilde og Kine har bidrege innimellom.

På samdansen (Eikum hotell) vert det undervist i variantar av gamaldansformer.

Bondedansen har øving kvar måndag.

#### Kurs:

15-17 februar: Storkurshelg i samfunnshuset. Polsdans, toradar, gitar. Om lag 35 deltakarar.

25 april: Polskveld – oppfølging etter kurset

27 september: Dansekveld i Dølaheimen innleia med instruksjon i pols (Anne K og Morten)

22-23 november: Kurshelg i dans. Brit Guggedal instruerte dei minste og ungdomane (to grupper), Morten Vigdal og Oddbjørg Ese hadde springarkurs. Det var god oppslutnad.

9-11 januar: Kurshelg i fele med Håkon Høgemo samt kurs i felestell med Sverre Høgemo.

Kurs i langeleik, haust og vår.

#### • Tilskipingar

25.april: Polskveld på hotellet

1. mai: Rupeungane med teaterframsyning.  
Felejentene spelte.

15. juni: Medlemskveld på hotellet med Jens Brekke, Rupeungane, felejentene og dans med spelemannslaget.

27. september: Dansekveld i Dølaheimen. Spelemannslaget og Luster trekkspelklubb spelte.

21. november: Konsert med Britt Pernille Frøholm og Irene Tillung. Dans til spelemannslaget samt Ida Kristine og Helene i duett etterpå.

20. desember: Julebord. Musikk: Rønningadn.

10. januar: Dans på hotellet i samband med felekurset. Spelemannslaget med Håkon Høgemo spelte.

- **Deltaking på kappleikar, stemne og kurs**

Mars: Juniorane deltok på sjokoladekappleiken på Mo og henta heim mange premiar.

April: Fylkeskappleiken i Naustdal. Her stilte juniorane i spel fele individuelt (Mathilde Skjæret vann) og lagspel repr ved Kine Svori, Mathilde Skjæret, Inger Helgestad og Stine Blikra med Oda Heidi som leiar. Dei vann klassen. I durspel/trekkspel junior vann Norill Therese Norheim soloklassen. Seniorane stilte i spel fele samt lagdans (Jostedal vann) og individuelt i bygdedans og gamaldans (ny klasse).

Juni: Landskappleiken på Oppdal. Deltaking i klassane lagspel hardingfele junior, spel hardingfele b og c, dans hardingfele b og d samt lagdans senior.

Juli: Landsfestivalen i Skjåk. Deltaking i klassane durspel (Norill Therese Norheim) og solo andre instrument (Ida Kristine Sagerøy). Ida Kristine, Mathilde og Jan Sjøstad stilte med gruppe i open klasse. Helene Bolstad var domar på festivalen.

August: Fleire juniorar deltok på Mo-kurset.

Oktober: Vestlandskappleiken på Voss. Deltaking i klassane durspel junior (Norill Therese vann), lagspel hardingfele junior samt spel hardingfele b og c.

Vidare har fleire medleamar bidrege i ulike samanhengar. Her kan nemnast Lustratreffen, konfirmasjonsfest der felejentene spelte, DM på trekkspel (Ida Kristine vann klassen sin), marknadshelgi, Oktoberfestivalen, distriktsmøte i Lions der felejentene underheldt, julekonsert, speling på Pyramiden mm.

- **Ymse**

Laget tildelte fire æresmedlemskap på årsmøtet i fjor. Det var Sigrun og Lars Vigdal samt Dagrunn og Harald Hesjevoll.

I samband med fylkeskappleiken i Naustdal fekk Harald Hesjevoll "Folkemusikkprisen 2008", ei velfortent utmerking som heng høgt. Laget gratulerer!

Ida Kristine var med i UKM og kom vidare til fylkesfinalen.

Laget er medarrangør av "Blåe tonar" og stiller med vakter.

Laget er medarrangør av Samdansen. Dette er eit danseprosjekt saman med Lystringen, Sogn spel- og dansarlag og Leikanger ungdomslag. Det har vore godt frammøte på desse gamaldanskveldane som vert haldne på Eikum hotell om lag ein gong om månaden gjennom vinteren.

Laget tok initiativ til få dansegruppa Frikar til Lustramarknaden. Ei dansegruppe frå laget hadde springarframsyning på marknaden.

Etter nye kontaktar fekk laget i haust tilsendt ein kopi av filmen som Norsk film tok opp av dansarar ved Fjellheim.

Styret har vore representert på møte i "Kulturminneåret".

Styret var representert på årsmøtet i fylkeslaget.

Styret var representert på årsmøtet i LFS.

Laget deltok i 17 mai-arrangementet.

Laget har etter søknad motteke kr 15000,- i støtte frå Rådet for folkemusikk og folkedans for å framskaffe kjeldemateriale om folkemusikken i Jostedalen. Det er så langt henta informasjon frå Anna og Kristen Fuglesteg samt Erna og Svein Skjerdal.

Laget har teke på seg å arrangere Vestlandskappleik 2009 (2.-4. oktober).

α

Laget takkar alle gode støttespelarar og alle medlemmane for eit godt år. Me møter stor interesse, velvilje og dugnadsånd hjå alle noko som også gjer at me kjenner oss trygge på at Vestlandskappleiken vil bli eit godt arrangement!

*Styret*